



Tor Bringedal får mykje ros for boka

Det var ikkje noko markant NS-styre i Kvinnherad under okkupasjonen, konstaterar Tor Bringedal i boka om kommunen som han skal presentera under bok-kvelden i Gamleskulen onsdag.

Berre i dei færraste sakene som var oppe i heradstinget fekk vedtaka noko preg av det styrande parti, I dei 2 store sakene gjennom alle krigsåra er det vanskeleg å sjå at resultatet hadde vorte annleis med eit tradisjonelt folkevald heradstyre, Det var flaumskadane frå 1940 og kraftforsyninga.

Men sjølve organiseringa vart gjennomført heilt i tråd med retningslinene frå sentralt hald. Alle folkevalde organ vart avvikla og eit heradsting av formenn vart oppretta. Formennene hadde berre ein rådgjevande funksjon i likheit med alle utval og styre.

Men det var berre 12-13 registrerte medlemmer av NS i siste halvdel av okkupasjonen og berre i Omvikdalen kunne ein finna noko som minte om eit NS-miljø. Bringedal har funne referat frå eit einaste partimøte og det var der.

Bringedal slår fast at det ikkje er vanskeleg å forstå at NS sine programeklæringar kinne verka tiltrekkjande og særleg då på bøndene. Det skulle først ein politikk som styrka ein fri og sjøleigande bonde og småbrukarstand, sikra matforsyninga i landet og letta nydyrking og bureising.

Ellers skulle det ryddast opp i dei kommunale gjeldstilhøve og ledigheten skulle bringast til opphør - det var saker som kvinnheringane hadde kjend på kroppen gjennom mange år. Ein kan difor undra seg over at det ikkje vart fleire NS-medlemmer, skriv historikaren

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen